



# BEREDSKAPSPLAN MOT SEKSUELLE OVERGREP MOT BARNEHAGEBARN

## 1. MÅLSETJING

Målet med denne beredskapsplanen er å førebyggje og avdekke seksuelle overgrep mot barn som er tilknytta dei kommunale barnehagane i Sykkylven.

Planen skal sikre naudsynt kunnskap om seksuelle overgrep mot barn og god kjennskap til dei rutinar og prosedyrar som ligg i denne beredskapsplanen. Den skal også skape grunnlag for ein open dialog om temaet mellom dei tilsette, og mellom tilsette og foreldre/føresette til barn i barnehagen. Ein open dialog om seksuelle overgrep mot barn vil skape tryggare rammer for barna.

## 2. KUNNSKAP OG ØVINGAR

- Alle tilsette skal ha ein obligatorisk gjennomgang av denne beredskapsplanen ved tilsetjing.
- Alle fast tilsette skal gjennomføre e-læringskurset «*Vold og seksuelle overgrep mot barn*». Kurset er gratis tilgjengeleg på nett: <http://helsekompetanse.no/kurs/vold-og-seksuelle-overgrep-mot-barn>.
- Barnehagen skal regelmessig gi tilsette fagleg oppdatering om temaet seksuelle overgrep mot barn, ved intern eller ekstern kursing. Pedagogiske leiarar bør gjennomgå kurs i avdekkande samtalar med barn.
- Barnehagen skal gjennomføre jamlege øvingar av denne beredskapsplanen. Minimum ein gong per år.

## 3. SAMARBEIDSPARTNARAR

Ei magekjensle av at noko ikkje er som det skal bør takast opp med nokon som har god kompetanse. Det er viktig å søkje råd tidleg. Gode samarbeidspartnarar må etablerast før ei hending oppstår. Barnevern og politi skal tilby vegleiing utan at ein pliktar å oppgi namnet til barnet. Alle kommunar skal vere kopla til eit barnehus.

Ved mistanke som krev fagleg konsultasjon har barnehagane ein avtale med:

- Barnevernet i Sykkylven. Tlf: 70 24 65 00
- Sykkylven lensmannskontor. Tlf: 70 11 87 00
- Statens barnehus, Ålesund. Tlf 70 11 88 50
- Interkommunal barnevernsvakt (utanom opningstid): Tlf 412 80 400

Ein har plikt til å varsle barneverntenesta når «*det er grunn til å tru at eit barn vert mishandla i heimen eller det føreligg andre former for alvorleg omsorgssvikt*» (Barnevernlova § 6-4). Ei

magekjensle som kan støtte seg på ein enkeltuttale, ei enkelthandling eller liknande er nok for at ein har *grunn til å tru*. Bekymringsmeldingar skal meldast til barnevernet i Sykkylven.

Barnevernet eller politiet skal varslast i akutte situasjonar. I følgje straffelova § 139 har ein avvergeplikt. Dersom ein meiner at det er fare for at barnet mest truleg vil kunne bli utsett for (nye) overgrep ved ikkje å gripe inn, er det straffbart å unnlate å varsle politiet.

Det kan også vere lurt å ha etablert ein dialog med andre fagpersonar i kommunen, der ein kan hente råd. Dette kan til dømes vere lege, helsestasjon, tannhelseteneste o.l.

#### 4. FØREBYGGJANDE ARBEID

- Når det er praktisk mogeleg skal det vere minst to vaksne i avdelinga.
- Nye vikarar skal aldri vere åleine i barnehagen med barna.
- Barna skal lære om normal seksualitet, tilpassa deira alder og utvikling. (Forslag til litteratur: *Barna og seksualiteten*, av Margrethe Wiede Aasland - Cappelen Damm 2015).
- Barna skal lære om gode og vonde kjensler, ulovlege hemmelegheiter og berøringer. (Forslag til litteratur: *Eg er meg, min meg*, av Eli Rygg og M.W. Aasland - Høyskoleforlaget 2009).

#### 5. VED BEKYMRING

- Informer styrar - ikkje involver anna personale før etter avtale.
- Konsulter ein av dei instansane som er nemnt i denne beredskapsplanen (i første rekke barnevernet) dersom du er usikker. Ikkje vent for lenge før du tek kontakt.
- Styrar melder bekymringa til barnevernet, men du har ei sjølvstendig varslingsplikt dersom styrar ikkje varslar og du framleis meiner at det er *grunn til å tru* at barnet er utsett for seksuelle overgrep.
- Barnevernet har det koordinerande ansvaret.
- Barnehagepersonalet er ikkje etterforskjarar. Ikkje still leiande spørsmål - det kan brukast imot barnet ved seinare dommaravhøyre.
- Lytt til barnet og vis at du tek barnet på alvor. Unngå å styre samtaLEN. Gjenta utsegn som barnet kjem med, slik at barnet evt kan korrigere dersom du har forstått feil. Notér ned barnet sine uttalar og andre relevante opplysningar, etter samtaLEN. (Ped.leiarar bør ha gjennomgått kurs i avdekande samtalar med barn).
- Vær ærleg i høve det som skal skje. Ver realistisk. Lov aldri noko du ikkje kan halde. Ein må aldri love tausheit om det ein får vite.
- Gløym ikkje søsken.
- Førebu deg mentalt og kjenslemessig på at fortrulegheiter kan kome.

#### 6. DERSOM EIN AKUTT OVERGREPSSITUASJON OPPSTÅR

Ta kontakt med styraren i barnehagen som kontaktar politiet.

- Ikkje skift kleda på barnet
- Eventuelt brukt tøy skal pakkast inn i papir - ikkje plast!
- Ikkje bad eller vask barnet

# **MISTANKE ELLER AVDEKKING AV SEKSUELLE OVERGREP**

## **MOT BARN FRÅ NÆRE RELASJONAR**

	<b>TILTAK</b>	<b>ANSVARLEG</b>	<b>STØTTE</b>	<b>GJEREMÅL</b>	<b>HJELPEMIDDEL</b>
1	Motta og vurder mistanke om seksuelle overgrep	Tilsett som får mistanke eller tek imot melding om mistanke. Styrar	Pedagogisk leiar	Melde til styrar Vurdere mistanke Evt. kontakte barnevern/andre fagfolk	Motta og vurder mistanke om seksuelle overgrep
2	Sjå etter teikn på seksuelle overgrep	Styrar	Pedagogisk leiar Andre tilsette Barnevern/andre fagfolk	Avklare mistanke Dokumentere teikn på seksuelle overgrep	Mulige teikn på seksuelle overgrep
3	Melding til barnevernet om seksuelle overgrep	Styrar. Alle tilsette har eit personleg ansvar dersom styrar ikkje melder	Pedagogisk leiar	Sende bekymrings-melding Barnevernet: Setje i gong undersøking – setje i gong tiltak	Melding til barnevernet Meldingsskjema
4	Melding til politiet om seksuelle overgrep	Barnevernet. Styrar (i akutte saker)	Styrar	Politiet: Stoppe misbruk, konfrontere overgripar. Etterforske saka	Melding til politiet
5	Informasjon til heimen om seksuelle overgrep	Barnevernet	Politiet Styrar	Informere familien Støtte familien	Informasjon til heimen
6	Følge opp dei tilsette	Styrar	Barnevern PPT Andre fagfolk	Kollegastøtte Kompetanseheving	Oppfølging av dei tilsette
7	Følge opp barnet	Pedagogisk leiar	Styrar Barnevern PPT	Omsorg for barnet Planlegge tiltak Etablere ansvarsgruppe	Oppfølging av barnet
8	Melding ved overgrep	Styrar	Barnevernet	Melding til naudsynte instansar om overgrep	Melding om seksuelle overgrep

# MISTANKE ELLER AVDEKKING AV SEKSUELLE OVERGREP

## MOT BARN FRÅ EIN TILSETT

	TILTAK	ANSVARLEG	STØTTE	GJEREMÅL	HJELPEMIDDEL
1	Motta og vurder mistanke om seksuelle overgrep	Tilsett som får mistanke eller tek mot melding om mistanke	Styrar Den som har mistanke	Melde til styrar Vurdere mistanke	Motta og vurder mistanke om seksuelle overgrep
2	Sjå etter teikn på seksuelle overgrep	Styrar	Tilsette med relasjon til barnet Fagfolk på overgrep	Avklare mistanke Dokumentere teikn på seksuelle overgrep Melde til bhg.eigar	Mulige teikn på seksuelle overgrep frå ein tilsett
3	Motta vedkjenning	Den som tek i mot vedkjenninga	Styrar Barnehageeigar Tillitsvalt Bedriftshelse-tenesta	Motta forklaring Klargjere saksgang Avklare arbeidsrettslege tilhøve Støtte til den tilsette	Tilsett vedkjenner seksuelle overgrep
4	Handsaming av mistanke	Barnehageeigar	Styrar Fagfolk på overgrep Politi Advokat Helseteneste	Saksgang ved mistanke Arbeidsrettslege tilhøve Melding til politiet Etterforsking v/politet Menneskelege omsyn	Handsaming av mistanke mot tilsett
5	Informere barnet/barna sine føresette	Styrar	Barnehageeigar Fagfolk på overgrep Politi	Gi informasjon Tilby hjelp	Informasjon til foreldre/føre-sette åt barnet
6	Informere og involvere dei tilsette	Styrar	Barnehageeigar Fagfolk på overgrep Politi	Gi korrekt informasjon Støtte tilsette Planlegge tiltak	Oppfølging av dei andre tilsette
7	Følgje opp barnet	Pedagogisk leiar	Styrar PPT Andre fagfolk	Omsorg for barnet Planlegge tiltak Etabler ansvarsgruppe	Oppfølging av barnet
8	Informere andre foreldre/føre-sette	Styrar	Barnehageeigar Fagfolk på overgrep Politi	Gi korrekt informasjon Hindre rykter og førehandsdøming Bygge tillit til barnehagen	Informasjon til heimane om mistanke mot ein tilsett. Muntleg invitasjon til foreldremøte med varslingsliste
9	Foreldremøte	Barnehageeigar og styrar	PPT Andre fagfolk Politi	Informere foreldre/føre-sette Gi råd til føresette	Foreldremøte om seksuelle overgrep
10	Informere barna	Pedagogisk leiar	Styrar PPT	Gi korrekt informasjon Bearbeiding Hindre frykt og otte	Informasjon til dei andre barna
11	Mediehandtering	Styrar	Barnehageeigar Politi Advokat(ar)	Styre informasjon	Mediehandtering ved seksuelle overgrep frå ein tilsett
12	Melding ved seksuelle overgrep	Styrar	Barnehageeigar	Melding til: Barnehageeigar Forsikringsselskap Tilsynsmyndighet	Melding ved seksuelle overgrep frå tilsett

